



# ØKONOMIPLAN

## 2017- 2020




Surnadal  
kommune

Vedteke av Surnadal kommunestyre 20.12.16



## Innhold

1	Rådmannen sin kommentar .....	4
2	Politisk grunnlag for budsjettet .....	6
3	Plan og analysar.....	6
3.1	Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune.....	6
3.2	Samfunnssdelen.....	6
3.3	KOSTRA og effektivitetsanalyse.....	8
3.4	Likestilling .....	8
3.5	HMS – arbeid .....	9
4	Økonomiske rammer og føresetnader .....	10
4.1	Folketalsutviklinga i kommunen.....	10
4.2	Sentrale inntekter.....	10
4.2.1	Eigedomsskatt .....	10
4.2.2	Konsesjonskraft .....	10
4.2.3	Oppsummering av frie inntekter for perioden 2017 - 2020.....	10
4.2.4	Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar .....	11
4.2.5	Lånegjeld, rente og avdragsutvikling.....	11
4.2.6	Renter og avdrag eigne anleggsmidlar .....	11
4.2.7	Kommunal deflator.....	11
4.2.8	Fond .....	11
4.3	Utvikling i einingane sine rammer.....	12
5	Rådmannen/ administrasjonen.....	13
5.1	Rådmannen .....	13
5.2	Personal og kompetanse .....	14
5.3	Næring og utvikling .....	15
5.4	Informasjon og service .....	16
6	Politisk verksemد .....	18
7	Kultur.....	18
8	Oppvekst.....	22
9	Helse og omsorg .....	30
9.1	Helse og familie .....	30
9.2	Bu- og aktivitet .....	32
9.3	Sjukeheimen .....	36
9.4	Heimetenesta og rehabilitering.....	38



9.5	IK Barnevern .....	40
10	Teknisk .....	43
10.1	Kommunalteknikk.....	43
10.2	Areal og naturforvaltning .....	45
10.3	Eigedom.....	46
11	Investeringar og prioriteringar.....	48



## 1 Rådmannen sin kommentar

I 2016 har det vore arbeidd mykje med å tilpasse aktivitetsnivå, jakte kostnader og effektivisere arbeidsprosessar. Inntektssida til kommunen er stort sett gitt, og dei er dominert av skatt og rammetilskot. Kommunen sin demografi har vesentleg å seie for rammetilskotet. Som følgje av endringar i inntektssystemet har vi fått omfordelingseffekter som ikkje har slått ut til gunst for Surnadal kommune. Inntektsgarantiordninga (INGAR) sikrar at nedgangen i inntekter blir gradvis over fleire år. Det er bra for oss, men det betyr også at vi står framom fire år med betydeleg arbeid retta mot aktivitets- og kostnadsstyring for å ligge mest muleg i forkant. Kommunen sitt kostnadsnivå må tilpassast inntektene våre skal vi sikre gode tenester og vekst og utvikling i kommunen.

Arbeidet med å busette flyktningar vil halde fram i 2017, men pga. nedgangen i tilstrømminga til landet, har IMDI meddelt oss at talet på 26 flyktningar neste år, vedteke i kommunestyret, no blir redusert til 15, og av desse er 4 mindreårige. Dette vil slå ut i mindre inntekter til kommunen, men det stor utslaget vil først kome i 2018. Med tanke på den store tilstrømminga av flyktningar i fjar, ser vi at dette er eit felt der det er svært vanskeleg å drive med langsigkt planlegging.

Av store prosjekt som vi har arbeidd med i 2016 vil rådmannen trekke fram det arbeidet som er gjort med å utvikle hamna. I november var området asfaltert, og det skal bli spennande å følge utviklinga i hamneområdet i 2017, som blir det første året med ro-ro rampen på plass. Målet er at Surnadal hamn skal bli ei regional hamn for heile indre Nordmøre, med utvikling av eit miljøvennlig transportsystem og flytte transport av gods fra vei til sjø.

Arbeidet med kommunereforma vart for vår del avslutta våren 2016. Surnadal kommune ønska å gå saman med Halsa og Rindal, men det var det ikkje interesse for i våre nabokommunar. No i haust har fylkesmannen kome med sitt forslag der han tilrår at Surnadal kommune held fram på eiga hand, men at ein på lengre sikt under føresetnad av ei kryssing av Todalsfjorden bør gå saman med Sunndal kommune. Parallelt med dette er det også no i gang ein prosess med å sjå på ny regionstruktur. Spørsmålet har vore framtida for Møre og Romsdal fylkes. Våren 2017 blir det opp til Stortinget å avgjere både ny kommune- og regionstruktur.

For vår del blir det spennande å sjå kva som skjer med våre nabokommunar Halsa og Rindal. Desse kommunane har vi mange interkommunale samarbeidsprosjekt saman med, og det er i dag uvisst kva status dette samarbeidet vil få i åra framover. Det kan hende at kommunen blir nøydd til å vurdere andre samarbeidsløysingar i etterkant av Stortinget sine vedtak i 2017.



Kommunestyret har i haust vedteke ein boligpolitisk handlingsplan. Rådmannen meiner denne planen vil styrke kommunen sin rolle som eigar og forvaltar av sin boligmasse. Planen vil også vere ein viktig reiskap for å styrke kommunen sin boligsosiale rolle.

Arealplanen vil bli endeleg vedteke i 2017. Framtidig bruk av våre areal er underlagt krevande og det er mange partar som har sine innspel i dette arbeidet. Av spennande utbyggingsområde som no vil bli regulert er Høgberget i Øyegardslia. Det er sterkt ønskeleg med attraktive tomter rundt Øye skuleområde.

I investeringplanen er det lagt inn 40,7 millionar kroner i investeringar. Det er mellom anna lagt inn kr. 5 millionar kroner til å legge fast dekke på kommunale vegar. Rådmannen meiner det er viktig for å redusere behovet for vedlikehald av dei kommunale vegane. Vidare av større prosjekt er mellom anna 4-mannsblig innafor psykisk helse og forprosjekt for planlegging av nye Øye skule. I åra 2018-2020 er det lagt inn til saman 150 millionar kroner til ny skule på Øye, og dette er ei investering som vil legge beslag på store delar av våre investeringsmidlar i denne perioden.

Kommunen driv stadig forbettingsarbeid og effektivitetsforbetringar, men for å kunne holde økonomisk balanse over tid må forventningar – politiske og samfunnsmessige – tilpassast dei økonomiske realitetane. Dette krev prioritering av kva tenester vi skal levere og kva for standard og kvalitet dei skal ha.

Med det forslaget som her ligg føre har administrasjonen foreslått fleire grep innafor alle sektorar. Dette er mange enkelttiltak som vil bli svært krevande å gjennomføre, men som vi meiner skal vere forsvarleg.

I den krevande situasjonen vi no er inne i med å tilpasse drifta til stramme budsjett, er det viktig at alle i organisasjonen er innstilt på å ta eit ekstra tak for at det skal bli betre. Vi må arbeide for å styrke fellesskapsfølelsen ved at kvar enkelt tilsett føler at det ein yter er eit viktig bidrag for Surnadal kommune, og at vi saman kan få til eit godt resultat. For å få til dette er det viktig at det blir bruka tid på å informere om dette i einingane, slik at dei tilsette har forståing for det arbeidet som må gjerast i 2017 og i åra framover og at alle ser den viktige rolla ein har i dette arbeidet. Tilsette som føler seg sett og verdsett, ansvarleggjorte og myndiggjorte vil vere eit viktig bidrag for å lykkast med denne snuoperasjonen.

Surnadal november 2016

Knut Haugen  
rådmann




## 2 Politisk grunnlag for budsjettet

Før dette budsjettåret vart det gjort endringar i prosessen, der ein fekk ein meir ryddig «kalender» - der det er meir tydeleg når hhv. administrasjonen og politikarane har sine arbeidsperiodar. Første fase av arbeidet med 2017-budsjettet starta med vurdering av foreløpige rammer for einingane i formannskapsmøte i juni. Desse vart endeleg vedteke av kommunestyret i september, samtidig som einingsleiarane sine budsjettnotat vart lagt fram. Det er gjennomført eit todagers budsjettmøte i september, og eit oppfølgingsmøte nokre veker seinare. Dette var møter i 3-parts samarbeid, der administrasjon, politikarar og hovudtillitsvalte arbeidde godt saman i grupper, på tvers av roller og parti. På dette viset fekk vi fram mange nyttige tankar som er lagt inn i budsjettet. Elles har budsjettarbeidet i oktober vore presentert for alle hovudutvala, der politikarane har hatt høve til å komme med signal til administrasjonen sitt vidare arbeid.

## 3 Plan og analysar

### 3.1 Plan- og styringsdokument for Surnadal kommune



### 3.2 Samfunnsdelen

Øko Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2014 – 2026 vart vedteken av Surnadal kommunestyre 20.06.2014. I planen er det 6 gjennomgåande tema som skal ligge til grunn for all kommunal planlegging. Desse temaene er: barn og unge, folkehelse, likestilling og diskriminering, samfunnssikkerheit og beredskap, universell utforming og miljø og klima

Samfunnsdelen er delt i 6 hovudtema:

1. Befolkningsutvikling og kompetanse



2. Barn og unge sine oppvekstvilkår
3. Næringsutvikling
4. Folkehelse og levekår
5. Kultur – omdømme – identitet
6. Tettstads- og arealutvikling

### Befolkningsutvikling og kompetanse

I samfunnssdelen blir det lagt vekt på at det er viktig for kommunen å halde fram som regionsenter med eit godt tenestetilbod og attraktive arbeidsplassar. Innvandringa gir eit meir mangfaldig samfunn, og er saman med innflyttarar viktig får å sikre framtidig arbeidskraft. Målet i samfunnsplanen er :

#### Mål

Vekst i folketalet for å oppretthalde eit godt tenestetilbod og nok, god og rett arbeidskraft og kompetanse

### Barn og unge sine oppvekstvilkår

Samfunnsutviklinga gjer at ein i dag på ein annan måte enn tidlegare må legge til rette for gode barnehagar og ein god skulegong. Det er viktig å sikre tilstrekkeleg hjelp og støtte i ein tidleg fase for dei som har behov for det. Målet i samfunnsplanen er:

#### Mål

Barn og unge skal sikrast eit trygt og godt oppvekstmiljø prega av omsorg, kunnskap og trivsel.

### Næringsutvikling

Framover kan det bli utfordrande for så vel privat næringsliv som det offentlege å finne ønska arbeidskraft. Samspelet mellom det frivillige, kommune og næringsliv er viktig for at folk skal trivast både i arbeid og på fritid.

#### Mål

Sørge for at etablerte næringar kan oppretthaldast minst på det nivå dei har i dag, og legge forholda til rette for at nye verksemder kan etablere seg.

### Folkehelse og levekår


Det vil ikkje bli mogleg å halde fram med å bygge ut helsetenestetilbodet ved berre å auke volumet av dei tenestene vi tilbyr. Velferdsteknologi og folkehelsetiltak må til for at folk kan ta meir vare på seg sjølv og både førebygge og styrke eiga helse.

#### Mål

God helse og gode levekår for innbyggjarar i alle aldrar.

### Kultur – omdømme – identitet

For å bygge omdømme og identitet bør det utviklas teit samarbeid mellom kommunen, lag , skular, frivillige og næringslivet. Det er viktig å spele på dei rike tradisjonane vi har i kulturlivet.



#### Mål

Vi skal skape eit raust samfunn prega av mangfold, toleranse, utfordringar og utvikling for den enkelte — og for kvarandre- der kulturlivet skal vere ei drivkraft i formainga av vår identitet og vårt omdøme.

#### Tettstads- og arealutvikling

I sentrum og i bygdene må det planleggast for gjennomgangsbustader, eldrebustader, gang- og sykkelvegar og turstiar. Det er viktig å sikre tilgang til strandline og populære friluftsområde.

#### Mål

Eit godt tilrettelagt fysisk miljø som tek vare på samfunnssikkerheita og gir god trivsel og utvikling i heile kommunen.

### 3.3 KOSTRA og effektivitetsanalyse

Telemarksforskning har utarbeidd ein KOSTRA- og effektivitetsanalyse som illustrerer korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenesteområde harmonerer med kommunen sine økonomiske rammebetingelsar, dvs. dei har teke omsyn til både berekna utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigerte frie inntekter).

Berekningane viser at Surnadal kommune, på dei sentrale tenesteområda som inngår i inntektssystemet, hadde meirutgifter i forhold til landsgjennomsnittet på 43,7 mill. kr i 2015. Da er det ikkje teke omsyn verken for at kommunen tross alt hadde eit høgare berekna utgiftsbehov enn «gjennomsnittskommunen» (ca. 6,5 prosent i 2015), eller at kommunen hadde eit inntektsnivå som låg 2 prosent over landsgjennomsnittet (ca. 6,0 mill. kr.). Berekningane viser at Surnadal kommune samla hadde meitutgifter på om lag 19,5 mill. kr. i forhold til kommunen sine «normerte og inntektsjusterte utgiftsnivå» i 2015.

Tenesteområde	Meir-/mindreutgift 2015 (mill. kr) ift.	
	Landsgjennomsnittet	«Normert og inntektsjustert utgiftsnivå»
Barnehage	-6,0	3,8
Administrasjon	6,1	1,1
Grunnskole	8,5	2,5
Pleie og omsorg	42,5	14,5
Kommunehelse	1,0	-1,1
Barnevern	-1,7	-0,1
Sosialtjeneste	-6,8	-1,2
Sum	43,7	19,5

### 3.4 Likestilling



Kjønn, alder, etnisitet, språk, nasjonalitet , hudfarge, seksuell orientering og politisk syn eksempel på faktorar som ikkje skal hindre eit menneske i å få eit likeverdig tilbod på linje med det majoriteten av befolkninga har.

Det er ei viktig rettesnor i Surnadal kommune at arbeid for likestilling er forankra i alle ledd i forvaltninga og mellom leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette. Dette skal kome til uttrykk i planarbeidet i kommunen, der mellom anna universell utforming ligg i botnen.

Rådet for funksjonshemma har eit særleg ansvar for å arbeide med saker som kan ha bety noko for menneske med nedsett funksjonsevne.

Administrasjons- og arbeidsmiljøutvalet er kommunen sitt likestillingsutval.

Surnadal kommune legg mykje arbeid i å integrere og inkludere busette flyktningar. Vi samarbeider med frivillige lag og organisasjonar om ulike tiltak, som t.d. fadderordningar, trivselstiltak og felles møteplassar.

### **3.5 HMS – arbeid**

AAU vedtek på slutten av året kva som skal vere satsingsområda komande år innanfor HMS, både for utvalet AAU og organisasjonen elles. Det blir gjort kjent for alle einingar i eige saksframlegg.



## 4 Økonomiske rammer og føresetnader

### 4.1 Folketalsutviklinga i kommunen

Aldersgruppe	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2040
0 år	48	52	54	55	55	57	58	55	51
1-5	285	286	283	288	298	302	318	317	295
			458	450	458	444	465	497	488
6-12 år	453	452	210	198	193	205	201	209	222
13-15 år	274	235	338	346	323	295	263	269	298
16-19 år	352	354	54	55	55	57	58	55	51
20-66 år	3461	3458	3486	3491	3481	3485	3417	3362	3271
67-79 år	783	810	838	859	885	886	951	953	1054
80-89 år	263	254	242	247	262	297	360	455	516
90+ år	57	68	74	71	75	71	77	99	162
Totalt	5976	5969	6037	6060	6085	6099	6168	6271	6408

Kjelde: Regionalstatistikken, SSB

Prognosane viser stabile fødselstal i neste fireårsperiode rundt 55 årlege fødslar. Gruppa 1-5år stabil på rundt 460 personar. For gruppa 13-15 ser vi ein nedgang på rundt 30 personar, noko som har sin bakgrunn i at fødselstala vart merkbart redusert frå 2002 og framover. Dette gir seg og utslag i gruppa 16-19 år frå 2019. Vi ser også av tabellen at gruppa mellom 67-79 år no har teke til å vekse, og at dette etter kvart og vil slå ut i aldersgruppene over 80 år.

### 4.2 Sentrale inntekter

#### 4.2.1 Eigedomsskatt


Det er for perioden 2017 til 2020 lagt inn kr 19 889 000,- i inntekt. Dette er ein kraftig reduksjon på kr 4,6 mill. frå 2016, og skuldast redusert eigedomsskatt på kraftverk. Den generelle satsen er 7 promille, med redusert sats på 6,5 promille og botnfrådrag på kr 150 000 for bustad- og fritidseigedomar. Heile beløpet blir disponert i det aktuelle året.

#### 4.2.2 Konsesjonskraft

Det er lagt inn kr 6 800 000,- i konsesjonskraftinntekter for perioden. Dette er litt styrking frå budsjett 2016. Heile beløpet er bruks i drifta.

#### 4.2.3 Oppsummering av frie inntekter for perioden 2017 - 2020

(i 1000 kr)	2017	2018	2019	2020



Sentrale skatteinntekter	134 300	134 300	134 300	134 300
Rammetilskot inkl. skjønnsmidlar	198 400	195 600	193 700	191 600
<b>Sum skatt og rammetilskot</b>	<b>332 700</b>	<b>329 900</b>	<b>328 000</b>	<b>325 900</b>

Det er tatt utgangspunkt i ei flat utvikling i perioden. Det betyr at den berekna skatteinngangen i 2017 er vidareført for heile perioden. Når det gjeld rammetilskotet er denne redusert i takt med nedtrappinga av INGAR (inntektsgarantiordninga). INGAR gir oss ein kompensasjon for bortfallet av statlege overføringer, etter endringar i inntektssystemet. Kompensasjonen er kr 8 mill. i 2017, 5,6 mill. i 2018, 3,4 mill i 2019 og kr 1,1 mill. i 2020. Det er viktig å allereie no planlegge ei framtid utan denne inntekta.

#### 4.2.4 Kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar

Endringar i kommunale avgifter, gebyr og betalingssatsar er omtalt i eigne saker.

#### 4.2.5 Lånegjeld, rente og avdragsutvikling

Tabellen under viser kommunen sitt behov for låneopptak i perioden. Kommunen hadde kr. 421 466 208,- i lånegjeld ved utgangen av 2015. Ved utgangen av 2020 vil økonomiplanen gi kommunen ei samla lånegjeld på om lag kr. 630 000 000,-.

Talet for lånegjeldsutvikling vil naturleg nok vere avhengige av kva investeringar vi vedtek i perioden.

#### 4.2.6 Renter og avdrag eigne anleggsmidlar.

Det er i perioden lagt til grunn ei gjennomsnittleg rente på 2,0% p.a. Avdrag blir budsjettert i tråd med berekna minste lovlige avdrag etter forenkla metode.

#### 4.2.7 Kommunal deflator

Den kommunale deflatoren for 2017 er sett til 2,5. Vektinga av deflatoren er at lønnsveksten har ein del på 2/3, mens varekjøp og bruttoinvesteringar har ein del på 1/6 kvar av den kommunale deflatoren.

#### 4.2.8 Fond

Kommunen sine samla fondsmidlar pr. 31.12.16 utgjorde kr. 42 880 037. Dette inkluderte kr 24 786 294 i rentefondet.

Fondsmidlane fordeler seg slik på dei ulike fondstypane:

Fond	Rekneskap 31.12.15	Rekneskap 31.12.14
Bundne driftsfond	12 072 387	10 398 191
Bundne investeringsfond	3 830 074	354 144
Ubundne investeringsfond	460 303	6 160 303



Disposisjonsfond	26 517 273	37 861 294
<b>Sum fond</b>	<b>42 880 037</b>	<b>54 773 932</b>

Det er pr 01.11.2016 budsjettet med netto avsetning til fond på kr 4 704 000 i 2016. Ved inngangen til 2017 vil truleg disposisjonsfondsreservane våre utgjere om lag kr 31,2 mill.

### 4.3 Utvikling i einingane sine rammer

(alle tall i 1000 kr)	Opprinneleg budsjett 2013	Regulert budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinneleg budsjett 2015	Regulert budsjett 2015	Opprinneleg budsjett 2016	Regulert budsjett 2016
RÄDMANN	26 289	26 785	24 878	27 113	16 601	27 323	25 323	25 073
KULTUR	6 163	6 625	6 324	7 522	6 876	7 241	6 425	6 425
POLITISK VERKSEMD	4 525	4 374	4 184	4 264	4 664	4 758	4 258	4 258
MIDTIGRENDA BARNEHAGE	5 365	5 255	5 956	6 144	6 864	7 079	7 109	6 759
ØYE OG SKEI BARNEHAGE	9 261	9 332	9 960	10 533	10 650	11 106	11 011	11 011
BØFJORD OG BÆVERFJORD OPPVEKSTSENTER	7 408	7 773	7 045	7 142	6 689	6 873	6 803	6 803
MO OPPVEKSTSENTER	6 337	6 574	6 574	6 445	6 445	6 623	6 553	6 553
TODALEN OG STANGVIK OPPVEKSTSENTER	11 617	12 425	12 507	12 890	13 470	14 776	15 106	15 936
ØYE SKULE	25 397	26 021	25 893	26 923	27 004	27 827	27 552	28 102
SURNADAL UNGDOMSSKULE	20 757	21 780	22 538	23 324	22 820	23 217	23 147	23 147
VAKSENOPPLÆRING OG INTEGRERING					1 982	11 078	9 428	15 318
HELSE OG FAMILIE	25 016	26 375	27 877	30 110	23 661	20 544	19 797	19 897
INSTITUSJONANE	48 267	48 681	51 080	53 635	52 410	56 572	51 491	51 491
BU OG AKTIVITETSTENESTE	32 508	35 787	33 638	35 467	34 742	42 134	39 202	39 202
HEIMETENESTA OG REHABILITERING	24 973	26 757	26 302	26 995	27 062	30 732	32 732	32 732
NAV	3 087	4 316	4 462	5 200	4 520	5 634	5 784	5 784
KOMMUNALTEKNIKK	14 323	14 766	13 566	13 885	13 350	15 038	13 538	13 538
KOMMUNALTEKNIKK - VAR	-2 766	-2 766	-2 606	-2 606	-2 606	-2 496	-2 496	-2 496
AREAL OG NATURFORVALTNING	5 451	5 404	5 895	6 148	6 342	6 502	6 302	6 302
EIGEDOM	28 255	29 894	29 295	29 999	30 485	31 025	29 321	29 671
SENTRALE INNTEKTER/UTGIFER	-315 639	-329 603	-334 715	-350 480	-333 452	-361 135	-354 186	-361 306
MVA. REFUSJON INVESTERINGAR	-4 422	-4 666	-	-	-			
Ymse INNTEKTER/UTGIFTER	-8 200	-8 200	-9 000	-9 000	-9 000	-8 300	-6 800	-6 800
TILSKOT	7 516	7 416	8 011	8 011	8 011	8 461	8 919	8 919
FORDELING PENSJON						13 000	-7 059	-7 059
DAGLEG LEIAR PPT	2 487	2 588	2 626	2 626	2 624	2 624	2 624	2 624
REKTOR KULTURSKULEN	2 726	3 000	3 047	3 047	2 991	2 953	2 953	2 953
KYRKJELEG FELLESRÅD	4 905	4 905	5 408	5 408	5 575	5 575	5 782	5 782



IK BARNEVERN	8 394	8 402	9 255	9 255	9 220	9 236	9 381	9 381
--------------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

## 5 Rådmannen/ administrasjonen

### 5.1 Rådmannen

#### Status og utfordringar

Stabsfunksjonane til Rådmannen er organisert som eiga eining, der ein forutan leiargruppa har økonomiavdeling, personavdeling, næring og utvikling, arkiv, servicetorg/ekspedisjon, informasjon, IKT, politisk sekretariat og barnehagekonsulent. Ein stor del av oppgåvene vil vere interne overfor dei tjenesteytande einingane, men også ein god del utadretta oppgåver t.d. i kontakt med næringsliv og innbyggjarar elles.

#### Utfordringar

- Gjennomføre kostnadsreduksjonar i drifta.
- Kommune- og regionreforma
- Rekruttere og beholde kompetent personale.

#### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Gjennomføre beslutningar i høve til kommunereforma.
- Gjennomføre nødvendige reduksjonar i drifta.
- Gjennomføre politiske vedtak som følger av budsjettredusjonane.

#### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Interkommunalt samarbeid tilpassa ny kommunestruktur.
- Tilpasser tenesteproduksjonen etter dei økonomiske rammene.
- Tilpasser nye strukturelle endringar som følger av politiske vedtak.

#### Rådmannen si vurdering

Det blir viktig å samarbeide godt med einingane for å tilpasse tenesteproduksjonen til redusert driftsnivå. Det blir viktig å gjennomføre gode arbeidsprosessarar, slik at organisasjonen på best muleg måte tek vare på sine tilsette. Trepidssamarbeidet vil vere viktig for å lukkast i dette arbeidet.

Stortinget sitt vedtak i 2017 om ny kommune- og regionstruktur vil vere retningsgivande for kva for interkommunale samarbeidsløysingar vi må arbeide for i åra som kjem.



## Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Rådmannen	29 033	25 323	25 751	25 751	25 751	25 751

## 5.2 Personal og kompetanse

### Status og utfordringar

- På Personal og kompetanse har ein i 2016 brukt ein del tid på å tilpasse dei arbeidsoppgåvene avdelinga har i samanheng med redusert bemanning. Dette må vidareførast i 2017.
- Utføre dei arbeidsoppgåvene som ligg til avdelinga på ein best muleg måte, ut frå den bemanninga ein pr. dags dato har. Einingane må pårekne at ikkje alle oppgåver blir utført fortløpende, men etter oppsett plan som Personal og kompetanse har laga for gjennomføring av ulike oppgåver. Eit eksempel her er nye rutinar for utarbeidning av ekstrahjelpsavtalar som vi har tatt i bruk i 2016.
- Vi er godt i gang med innføring av nytt elektronisk rekrutteringssystem, men arbeidet er ikkje sluttført på grunn av stor arbeidsbelastning i 2016.

### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Styrke arbeidsgjevarfunksjonen gjennom intern opplæring av både leiarar, tillitsvalde og verneombod i aktuelle tema som har med forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar å gjere. Første planlagte samling er i februar 2017 der tema er Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen.
- Fortsette arbeidet med tilpassing av arbeidsoppgåver som avdelinga har til dagens bemanning, med oppsette planar for ein gjennomføring av ein del løpende oppgåver.
- Sluttføre innføring av nytt elektronisk rekrutteringssystem.
- Halde oss fagleg oppdatert innafor fagområda som ligg til Personal og kompetanse, når det gjeld endringar i lover, avtaleverk og rettspraksis, slik at lokal praksis i Surnadal kommune er i samsvar med dei endringane som skjer på dette området.
- I arbeidet med å styrke nærværet og redusere sjukefråværet vil vi prioritere opplæring av leiarar i oppfølging, tilrettelegging og avklaring, samt opplæring i bruk av tilretteleggingstilskott og andre IA-ordningar. Vidare vil vi på Personal og kompetanse prioritere deltaking i avklaring av



langvarige sjukmeldingssaker og halde fram med kvartalsvise møte med NAV.

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

Halde oss fagleg oppdatert innafor fagområda som ligg til Personal og kompetanse, når det gjeld endringar i lover, avtaleverk og rettspraksis, slik at lokal praksis i Surnadal kommune er i samsvar med dei endringane som skjer på dette området.

## 5.3 Næring og utvikling

### Status og utfordringar

Næring og utvikling sine oppgåver er å forvalte næringsfondet og være HoppId kontakt. Utviklingsteamet skal sette i gang prosessar som skapar utvikling i dei ulike einingane, der oppstart, skrive søknader og drifte prosessen kan være ein del vav oppdraget.


Kommunalsjefen er framleis utleid til Surnadal Hamneterminal AS som no går over i driftsfase. Vi fyller alle ulike verv og posisjonar, men hovudoppgåva vår er å skaffe eksterne midlar til dei tiltak vi vil gjennomføre. Med rundt 30 millionar i eksterne midlar på 4 år er vi svært nøgd med det.

Utfordringa vår er at vi er få (lengre sjukemelding) og arbeidsoppgåvene mange. Vi har likevel evna å levere mange gode tenester og oppnådd dei mål vi har satt oss.

- Vi forsett å leie ut kommunalsjefen til Surnadal Hamneterminal AS i ein svært hektisk byggeperiode.
- Næringskonsulenten er utleid i sekretærfunksjon i Surnadal Alpinsenter, Surnadal Alpineiendom og Surnadal Næringsforrenning.
- Vi driftar næringsutviklingsprogram for SuSu saman med SUNS AS.
- Vi har HoppId kontor.
- Vi har stadig aukande pågang på næringsfondet og bedriftsrådgiving i den samanheng.

### Handlingsprogram 2017

- Få ei god drift i Surnadal Hamneterminal AS, bygge ut området og opparbeide større kundekrets. Søke om meir offentleg støtte til å utvide areal.
- Fortsette med å få til eit godt system for oppfølging av verksemder som har fått støtte. frå næringsfondet og jamnlege bedriftsbesøk.
- Få fleire og betre etableringar som også er i god gang med varig drift.
- Fortsette rekrutteringsarbeidet med Sjekk Nordmøre og Utpågang.
- Få boligstrategisk plan ut i livet og starte tiltak innafor plana.



- Få fleire investorar/kjøparar i opparbeidd areal i Røtet.
- Evaluere og slutføre næringsutviklingsprogrammet saman med Sunndal kommune og stake ut kurser for framtidige tiltak og prioriteringar

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Bidra til å auke talet på tilsette i næringslivet med 60 stillingar, 100 nye etableringar og styrke eksisterande næringsliv
- Styrke Surnadal kommune sitt omdømme som ein god plass å bu
- Bidra til å få utbygd Svartvatnet friluftspark
- Bidra til å få bygd aktivitetspark i Sæterlia for heilårdsdrift
- Få min 10 mill kr i eksterne midlar til nærings- og samfunnsutvikling i kommunen

## 5.4 Informasjon og service

### Status og utfordringar

Det er mange prosjekt på gong gjennom IKT Orkide og Surnadal kommune er i høyeste grad med på utviklinga.

Det er gjort vedtak i IKT Orkide om å få på plass nye heimesider til kommunane. I prosjektet skal alle heimesider få nytt design og alle tenestesider skal byggjast opp på nytt. Prosjektet har planlagt start i slutten av 2016.

Innkjøpssamarbeidet i Orkide har saman med IKT Orkide fått på plass ei tryggleikspakke. I denne pakka er det med digitale tryggleiksalarmer og andre sensorar. Arbeidet med å innføre dette vil starte i 2017.

Surnadal kommune har etter kvart lang erfaring med sikker utskrift. Erfaringane frå vårt prosjekt er no teke inn i eit eige prosjekt i IKT Orkide, som går på innføring av sikkert utskrift i dei andre Orkide-kommunane. Surnadal kommune er pilot i dette prosjektet, med oppstart hausten 2016.

Skype for business (tidlegare Lync) er ei samhandlingsløysing som har vore i drift i IKT Orkide i nokre år. Rådmannen har satt i gong prosjekt for å auke bruken her lokalt og opp mot våre samarbeidspartnarar. Dette for å effektivisere kvardagen og for å redusere utgifter, med mindre reising og meir effektiver møter.

IKT Orkide har på vegne av alle medlemskommunane inngått ny kommunikasjonsavtale, der hastighet er auka frå 100 Mbit til 1 Gbit, medan prisen er halvert. Heilt i tråd med dei auka krava vi har innanfor skuleverket spesielt men og andre område med tanke på hastighet og opptid.



På arkivsida er det eit stort behov for å rydde og avlevere gamle arkiv. Kommunereformen vil framskunde behovet, men arbeidet på uansett gjerast. Det er i første rekke arkiva ved Helse og omsorg behova er størst.

### Utfordringar


- Krav til oppetid, hastighet og kvalitet på nettverket internt i kommunen og mot omverden
- Knappe ressursar i einingane krev mykje arbeid og vedlikehald på gammalt IKT-utstyr
- Det skulle vore rydda i gamle arkiv på sjukeheimen. Ei stor oppgåve som krev eksterne ressursar, då interne ressursar er opptekne av dagleg drift. Det må settast av tid og ressursar til dette arbeidet

### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Innføre digital tryggleikssalarm og tryggleikspakke.
- Ta i bruk skjema med sensitive data (skjema med helseopplysningar som krev ekstra sikkerhet).
- Ny heimeside (nytt design og nye tenestesider) tilpassa dagens behov.
- Ta i bruk Skype som samarbeidsløysing i større grad, for betre effektivitet og mindre reising.
- Sette opp trådlause nett i alle kommunale bygg – full dekning.
- Innføre sikker utskrift innanfor helse og skule.
- Auke i nettkapasitet frå 100 Mbit til 1 Gbit frå kommunar til fellespunktet i Kristiansund, samt utskifting av lokalt utstyr slik at vi kan unytte den auka kapasiteten.
- Innføre mobil kostnadskontroll.
- Innføre eigen portal opp mot mobile tenester for support og innkjøp for alle tilsette.

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- SvarInn – Ta i bruk SvarInn, ei nasjonal løysing med mulighet for publikum å sende digital post inn til kommunen.
- Innføre SvarUt frå fleire fagsystem, ikkje berre sak/arkivsystemet (Ephorte).
- MinSide - Ei løysing knytt opp mot heimesida og digitale skjema til nytte for innbyggjarane.
- Arbeide med å få på plass ein felles arkivkjerne. At fleire fagsystem har felles arkivkjerne og kan utveksle data seg imellom.
- Digitalt førsteval på «alle» tenester. Eit arbeid vi er prisgitt våre leverandørar, men vi ønskjer at flest mogleg av våre tenester er tilgjengeleg digitalt.



## 6 Politisk verksemd

Leiar for området er ordførar Lilly Gunn Nyheim. Arbeidet blir støtta med sekretærbistand frå sentraladministrasjonen og tenestekjøp av revisjonstenester og kontrollutvalet sine sekreteriatstenester.

Den politiske og administrative strukturen i kommunen blir kvart fjerde år vurdert i samband med kommunevalet. I denne perioden er på ny administrasjonsutvalet og arbeidsmiljøutvalet slege saman til eitt utval.

Kommunestyret har i haust vedteke nytt Møteregelement og Politisk reglement og delegasjon. Desse to dokumenta var tidlegare samla i eitt dokument.

### Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Politisk verksemd	4 309	4 258	4 231	4 231	4 231	4 231

## 7 Kultur

### Status og utfordringar

Kultureininga har gjennom fleire år prøvd å tilpasse seg situasjonen med stadige nedskjeringar i ramma. For å tilpasse oss nedskjeringane som har vore dei siste åra har vi tatt store grep. Desse har ført til at dei fleste tilsette har fleire forskjellige arbeidsoppdrag på tvers av avdelingane innanfor eininga. I september 2014 flytta heile kultureininga frå kommunehuset til kulturhuset. Dette var for å få til å arbeide meir saman som team, slik at vi kunne drifte både kulturhus og kino innanfor dei rammene arbeidsmiljøloven gir. Ein positiv biverknad er at dette gir det oss ei god kjensle av at vi er eit lag, som dreg lasset saman. I tillegg gir det ein meir effektiv bruk av romarealet.

Vi hadde utfordringar med ramma vi vart tildelt i 2016, og det er ikkje betre med tanke på nedskjeringar til 2017. Det er slik at no vi har tyna ned alle funksjoner og gjort om dei fleste tilsette til «multitaskarar», på tvers av kultureininga. Resultatet er ein farleg skjør organisasjonsstruktur, som ikkje tåler fleire nedskjeringar!



## Biblioteket

I 2016 så har vi redusert opningstida på biblioteket, frå kl. 19:00 til 17:00, to kveldar i veka, vi har òg redusert/endra opningstida på fritidsklubben. Biblioteket vil i 2017 få same opningstida, med den bemanninga som vi har. Innanfor bibliotek så finn det løysingar der vi kan ha kveldsope utan bemanning, noko som kallast «meirope bibliotek», dette gir publikum ei mulegheit til å gå inn i biblioteket å bruke lokala, låne bøker utover kvelden. Dette har ei investeringskostnad på om lag 200 000, som vil auke brukarservisen med fleire hundre prosent.

## Fritidsklubben

For å få fritidsklubben til å vere eit godt tilbod, MÅ det auka midlar til på det området! Det siste året har vi hatt ein del samtalar om vidareutvikling av klubben, vi har òg prøvd å dreie opningstida, slik at vi har ope rett etter skuletid, ein dag i veka – der vi lager mat saman med ungdommane. Besøkstala i haust viser at det er litt fleire der no enn det var i vår, men det kan vere at dei nye åttandeklassingar er innom for å sjekke ut tilboden. Dei siste års erfaringar viser at besøkstala daler igjen, utpå hausten. Vi ser ikkje noko løysing på problemet på kort sikt, utan å få tilført midlar. Med midlar skal vi få til eit godt tilbod, men det må ganske kraftig auke til ettersom vi må flytte lokalitet og får husleige som ekstra kostnadspost i tillegg til at vi treng fleire lønsmidlar for å kunne gi eit godt tilbod.

## Anna ungdomsarbeid

Den utvida ungdomssatsinga som går på andre områder enn fritidsklubben har vi allereie redusert og gjort ei ganske sterk økonomisk justering på ramma til ungdomskonsulenten. Det er viktig å ha dette tilboden spesielt med tanke på ungdomsrådet, ungdomskonsulenten er sekretær og saksbehandlar til ungdomsrådet. I tillegg er han talsperson i plansaker, koordinator for UKM, Camp Nordmøre, etc. Utan ein ungdomskonsulent må vi legge ned forskjellige ungdomssatsingar. I dag har vi ungdomskonsulent i ei delstilling der resten av stillinga blir bruka til kino, kulturhusdrift, idrettskonsulentarbeid og anna saksbehandling.

## Idrett og Friluftsliv

Når det gjeld satsinga på friluftsliv og idrett, så vil eg vise til satsingsområda henta frå kommuneplanen sin samfunnsdel:

- Bli mellom dei fremste og mest kjente i Midt-Norge innan friluftsliv og å legge til rette aktivitetar i tilknyting til det.
- Det er stor aktivitet både innafor sommar- og vinteridrettar i Surnadal kommune. Det er viktig å ta vare på denne aktiviteten, ikkje minst ved å vere med på å utvikle gode anlegg.

Spelemidlar er ei stor finansieringskjelde for anlegg i kommunen, både for kommunale anlegg og anlegg som lag og organisasjonar eig. I siste planperiode (plan for idrett og friluftsliv 2012 – 2016) har vi ein godkjent søknadssum på omlag 15 millionar!



Friluftslivssatsinga er godt synbar rundt om i kommunen med alle StikkUt skilta som er plassert rundt om. I tillegg er det merking og bygging av turløyper og skiløyper i regi av lag og organisasjonar. Det er lagt ned ein stor innsats av frivillige, òg på dette område. Dette fører til høgare trykk på kultureininga, der vi har koordineringsansvar for StikkUt og i tillegg har kontakt med både grunneigarar og frivillige. Dette er ei satsing som i tillegg til å vere viktig for kultureininga, jamfør målsetting i planverk, som har det ein stor effekt på førebyggande helsearbeid. StikkUt er eit godt lågterskeltilbod, det same gjeld og fleire merka stigar som er gjort kjent gjennom morotur.no

### Kino og kulturhus

Mål for kino og kulturhus, henta frå kulturplanen:

- Surnadal kulturhus skal vere eit regionalt senter for å utvikle og oppleve kultur Drifta og aktiviteten på kino og kulturhus held seg godt, vi ser tendens til auke i kinobesøket òg i 2016, dette delvis på grunn av at vi kjører kino på dagtid opptil fleire gong i veka, noko som gir oss inntekter utan at vi får ekstra utgifter. Vi ønsker å arbeide vidare med dagtilbodet på kulturhuset òg i 2017.

Både kulturhuset og kinoen har vore vel over grensa til arbeidsmiljøloven i tidlegare tider. Det går på arbeidstid, lange dagar – kvar helg osv. Med berre ein tilsett så er det umulig å få det lovlege reknestykket til å gå opp. Difor er det no innført team på kulturhus og kino, der tre av fire går i turnus. På det viset løyser vi helgearbeidsproblematikken, dei har kinokøyring og kulturhusarbeid kvar tredje veke. Det betyr at det blir kveldsarbeid i den grad det er arrangement i kulturhuset utom dei faste kinokveldane, medan dei arbeider på dagtid dei andre vekene. Om ein tenker tanken på innskrenking av arbeidstid/oppseiingar innanfor kultur, så vil det påverke heile balansen når det gjeld å halde seg innanfor arbeidsmiljøloven. Det betyr òg at vi er veldig sårbare når det er sjukefråvær og sjukemeldingar på eininga, det same gjeld òg på sommaren med ferietid.

### Surnadal museum

Museet blir drifta av Nordmøre museum, Svinviks arboret er spesialiseringasanlegget i Surnadal og får størst fokus. Det er nokolunde jamne besøkstal på arboretet, og på Åsen har vi dei siste åra starta opp igjen med skule/barnehage tilbodet.

Vi har eit spennande prosjekt i tilknyting til Åsen, vi arbeider med å få til ein «kultursti» frå åsen og mot Nordholten/Galtmette. Dette prosjektet blir støtta av Riksantikvaren og er eit samarbeid mellom kommunen, Nordmøre museum og fylket. I myra på Eidet ligg det kavlvegar ein av dei vart i sommar (2016) datert til år 1020 – 1160. Dette er nok eit av dei eldste kulturminna vi har i kommunen og definitivt det av støst geografisk omfang. Det vi prøver å få til er ein godt opparbeid sti i området, laga som ein kopi av desse vegane i dei blaute områda. I tillegg så er det mykje historie som ein kan formidle gjennom skilting. Det ligg fleire generasjonar av samferdselshistorie i området, både denne tidlege vegen, den



Trondhjemske postvegen og dagens ferdsselsårer. Dette er eit prosjekt som det vil blir arbeid vidare med i 2017.

### Utfordingar i 2017:

- Kultureininga er med på å stimulere til merking, utbygging og anna kulturaktivitet, men for å få til dette treng vi mulighet til å gi ut midlar (tilskot) til lag og organisasjonar. Kulturmidlar til lag og organisasjonar er halvert dei siste åra!
- Fritidsklubben, manglar hus og lønnsmidlar til drift i 2017.
- Ikkje kveldsope bibliotek.
- Planarbeid
  - Kulturplan, inkludert ei kulturbryggplan.
  - Hovudrullering av plan for idrett og friluftsliv – håper vi kan vere klar til høyringsrunde i starten av 2017.
  - Kulturminneplan, pålegg frå Riksantikvaren.

### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Utgiving av bygdebok for Surnadal, band.
  - Band 2, Brøskja – Søyset/Mo. Litt usikkert kor dette bandet stopper, enda Åsbø blir gjeve ut og arbeid. Oppstart av band 3.
- Fleire dagsaktivitetar på kulturhuset
  - Kultureininga ønskjer å auke bruken av tilboda på kulturhuset enda meir, og ser for seg eit tilbod på biblioteket med fleire uformelle møteplassar, og å bruke fleire områder på kulturhuset til andre typar arrangement enn det som til no blir bruka som formidlingsarena.
- Tursti med kopi av Kavlevegen på Eide
  - med utgangspunkt frå Åsen Bygdemuseum.
- Meir ope bibliotek
  - Investering i utstyr som kan gi eit til dels sjølvbetent bibliotek på kveldstid.
- Kulturhus og kino tilbod
  - Innkjøp av marknadsføringsskjermar og billettautomatar.

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Ny «heim» og drift av til Fritidsklubben
- Frivilligentral sett i samanheng med fritidsklubben



- Utvikling av Svinviks Arboret, både med nytt stisystem og formidlingsrom (påbygg).

## Rådmannen si vurdering

Første utgåve av bygdebok er no i sal. Her er det gjort mykje godt arbeid som vil lette arbeidet med dei andre bygdebøkene som er planlagt. Bok 2 Brøsja-Søyset skal vere ferdig i 2017 og ein skal starte opp med bok 3.

Ungdomsklubben sine lokale er så nedslitt og det er behov for å finne nye lokale. Difor seier ein seg nøyd til å ta ein pause i 2017 og «Ullstasjonen» blir klargjort for riving.

Kulturplanen og Plan for idrett og friluftsliv er i sluttfasen og skal ferdigsillast i starten på 2017.



Kultureininga har fått store kutt i budsjettet dei siste åra, men vil likevel etter beste evne arbeide for å levere gode kulturtilbod til alle innbyggjarane.


## Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Kultur	7385	6 425	6 026	6 026	6 026	6 026

## 8 Oppvekst

### Status





spesielt mot 2.halvår.

### Øye og Skei barnehage:

- Det er stor pågang på barnehageplasser, spesielt på småbarnsplasser. I 1. halvår 2017 har vi ingen småbarnsplasser ledige.
- Vi har hatt ei god utvikling med tanke på sjukefråværet i 2. halvdel av 2016.

### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Det er auka elevtal i år, noko som også er venta dei nærmaste åra framover.
- Godt samarbeid mellom skulen og barnehagane.

### Mo oppvekstsenter:

- Godt samarbeid mellom barnehage og skule med eit positivt og kompetent personalet.
- Barnetalet i barnehagen held seg stabilt, vi har ingen ledig kapasitet på småbarnsavdeling.

### Øye skule:

- God drift med brei fagleg kompetanse i kollegiet
- Oppstart av innføringsklasse for tospråklege elevar
- 9 lærarar på ulik vidareutdanning og 10 tilsette som i november får ei veke kursa i AART (trening i sosial kompetanse)

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Stor auke i barnetalet ved Stangvik barnehage dei siste åra
- Dette vil gje eit auka elevtal dei komande åra

### Surnadal ungdomsskule:

- Godt fungerande organisasjon, basert på tilpassa økonomiske rammer og kompetent personale.

### Vaksenopplæring og integrering

- Det er i skrivande busett om lag 75 flyktningar i kommunen. Litt over 60 elevar deltek på undervisning ved vaksenopplæringa.
- Vaksenopplæringa har etter kvart utvikla eit godt tilbod der det så langt som råd blir teke omsyn til den enkelte sine ønskjer og behov. Ved integreringa slit vi med at arbeidsmengda er i største laget i høve til talet på tilsette.

### Utfordringar



### Midtigrenda barnehage:

- Høgt sjukefråvær over tid, sjølv om vi no har sett ein liten nedgang.
- Grunnbemanninga som vi har, dekkjer og opp barn med særskilte behov. Blir det mindre ressursar i barnehagen, vil dette m.a. gå utover desse barna.

### Øye og Skei barnehage:

- Vi har eit for høgt sjukefråvær.
- Vi har for få ressursar til barn med spesielle behov.
- Avdeling Nistuå på Skei bhg er nedslitt og treng oppgradering.

### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Vi har for hyppige skifte på tilsette lærarar, som gjer at det blir fleire bytte av kontaktlærarar for elevgruppene enn ønska.

### Mo oppvekstsenter:

- Uforutsette utgifter frå andre kommunar gjer at vi ikkje greier å halde budsjett.
- Kutt i økonomiske rammer gjer at vi må redusere i bemanning. Dette medfører at det kvalitative tilbodet blir svekka i skolen.

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- At ein får økonomiske rammer til å møte dei utfordringane auka barnetal gjev
- At auka barnetal ikkje skal gå ut over kvaliteten på tilbodet i barnehagen og skulen

### Øye skule:

- Store klassar, 19,5 elevar i snitt, utfordring å gi tilpassa opplæring til alle
- Vi går inn i ein krevjande, men og spennande prosess, i samband med samanslåing av SUS og Øye skule

### Surnadal ungdomsskule:

- At prosessen fram mot Nye Øye skuleområde blir best mogleg.
- At tilpassing til endra elevtal ikkje går ut over kvaliteten på innhaldet i skulen.

### Vaksenopplæring og integrering

- På grunn av ein stor reduksjon av talet på menneske som kjem til Noreg og søker asyl, vil behovet for å busette flyktningar i kommunane bli redusert. For vår eining vil dette føre med seg at statlege overføringer i for av integreringstilskot vil bli redusert og at talet på elevar ved vaksenopplæringa vil gå ned.
- Betre informasjonsflyt mellom dei kommunale einingane som arbeider med busetting og integrering av flyktningar.

### Dette vil vi oppnå i 2017:

#### Utviklingsarbeid innafor felles satsingsområda for oppvekst:

##### 1. IKT

### Midtigrenda barnehage:

- Vi må ila. 2017 skifte ut fleire gamle pc`ar, og investere i fleire nettbrett. Investere i ny kopimaskin/skrivar på kontoret.



### Øye og Skei barnehage:

- Skifte ut gamle pc'er.
- Kjøpe inn flere ipad'er. På sikt skal vi ha ei dekning på 1 til 4 i barnehagen.

### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- PC'ar/nettbrett 1-1 fra 4. trinn, treng 16 nye PC'ar.
- Halde vedlike/ erstatte gammalt i IKT-parken.

### Mo oppvekstsenter:

- Utskifting av gamle PC'ar.
- Feire nettbrett både i barnehage og skole.

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Innkjøp av Smart board ved Stangvik skule samt auke talet på PC'ar ved Todalen skule med 10 stk. (dvs 1-1 fra og med 5. trinn)
- Skjerm til å koble til i'pad-ar og datamaskiner (for bruk i samlingsstunder) ved Stangvik barnehage

### Øye skule:

- PC'ar/nettbrett 1-1 på 6. og 7. trinn
- Halde vedlike IKT-parken

### Surnadal ungdomsskule:

- Følge opp strategien med eigen PC på 8. trinn, og full 1-1 på alle trinn fra og med 2017. Prioritere oppdatering/ vedlikehald av IKT-utstyr for elevar og tilsette.

### Vaksenopplæring og integrering:

- Sørge for at både elevar og lærarar til ei kvar tid har godt og funksjonelt datautstyr (PC og nettbrett)
- Betre stabiliteten på internettet.

## 2. Sosial kompetanse

### Midtigrenda barnehage:

- Handlingsplan mot mobbing.
- 5 områder vi arbeider etter: Empati og rolletaking, prososial adferd, sjølvkontroll, sjølvhevdning og leik/glede/humor, i tråd med plan for sosial kompetanse.

### Øye og Skei barnehage:

- Førebygging av mobbing.
- Vi arbeider med å auke ferdighetene innanfor område som prososial atferd, sjølvhevdning, sjølvkontroll og empati.

### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Stort fokus på godt læringsmiljø i dagleg arbeid og i elevrådet.
- 1. trinn har eige vekentleg program tilpassa frå *steg for steg* og *Zero*.

### Mo oppvekstsenter:

- Forebygge mobbing ved å ha fokus på barnas psykososiale miljø både i barnehage og skole.



- Barnehagen vil fortsette med systematisk jobbing med sosiale ferdigheter i tråd med kommunen si sosial kompetanse plan.

#### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Barnehagane vil fortsette sitt systematiske arbeid med Kari Lamer sine mål for sosiale ferdigheter
- Ved alle fire avdelingane vil ein fortsatt arbeide aktivt med førebygging av mobbing

#### Øye skule:

- 3. og 6. trinn har 40 timer trening i sosial kompetanse (AART) med utdanna AART-trenarar
- Stort fokus på godt læringsmiljø, gjennom det daglege arbeidet i klassane, i klasseråda og i elevrådet

#### Surnadal ungdomsskule:

- Satsinga på MOT er ein viktig del av arbeidet for godt læringsmiljø på SUS, og må halde fram.

#### Vaksenopplæring og integrering:

- Auke forståinga blant flyktningane når det gjeld kva krav og forventningar som blir stilt i norsk arbeidsliv- og utdanningssystem.
- Gje flyktningane auka innsikt i sosiale kodar i det norske samfunnet

### 3. Pedagogisk utviklingsarbeid

#### Midtigrenda barnehage:

- Auke kvaliteten på relasjonskompetanse, og følgje opp vårt pedagogiske grunnsyn.
- Styrke entreprenørskapstenkinga i barnehagen ved hjelp av plana som er laga.

#### Øye og Skei barnehage:

- Vi arbeider med å styrke entreprenørskapstenkinga i barnehagen.
- Fortsette å auke kvaliteten i det ordinære barnehagetilbodet.

#### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Halde fram med utviklingsarbeid der vi kombinerer vurdering for læring og digital kompetanse.

#### Mo oppvekstsenter:

- Forsette med utviklingsarbeid i skolen med vurdering for læring og bruk av digitale verktøy.
- Bruke O365 som eit naturleg pedagogisk verkty i undervisninga.

#### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Alle lærarane ved Stangvik er med på Smart Læring undervisning (MOOC) organisert av NTNU
- Alle fire avdelingane er med på framtidsbildeskapinga

#### Øye skule:

- Fullføring av vurderingsprosjektet vårt: «KOLLEGARETTLEIING AV UNDERVEGSVURDERING 2013-2017»



- «Ny start», «Tidleg innsats» og «Lesing i alle fag»

#### **Surnadal ungdomsskule:**

- Halde fram med systematisk utviklingsarbeid basert på aksjonslæring. For skuleåret 2016/17 er satsingsområdet grunnleggande lesevne i alle fag.

#### **Vaksenopplæring og integrering:**

- Arbeide vidare med å finne undervisningsmateriell som er tilpassa gruppa.
- Bruke immigrasjonspedagogikk aktivt og systematisk

### **4. Kompetanseutvikling**

#### **Midtigrenda barnehage:**

- Relasjonskompetanse: 2 av våre bhg.lærere skal ila. 2017 vidareutdanne seg innan førebyggingsprogrammet ICDP- relasjonskompetanse inn mot foreldregr/personalgr.
- Tverrfagleg blikk: samarbeid med Barnevern, PPT og helsestasjon; observasjon i barnehagen av barnegruppene/enkeltbarn, personalgruppa og strukturen vår.

#### **Øye og Skei barnehage:**

- I samarbeid med Barnevernet og PPT skal vi i gang med Tverrfaglig blikk. Eit prosjekt som tek sikte på auke kvaliteten på barnehagetilbodet gjennom at ulike fagpersonar kjem ut i barnehagen og observerar enkeltbarn, grupper og struktur.
- I tillegg legg vi opp til ein god del kompetanseutvikling i eigen regi, gjennom å ta opp ulike tema med utgangspunkt i planverket vårt.

#### **Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:**

- Ingen lærarar på vidareutdanning i år. Ein lærar tek nettstudie «smart læring» ved NTNU.

#### **Mo oppvekstsenter:**

- 1 lærar tek vidareutdanning i engelsk.
- Flerfaglig blikk i barnehagen hausten 2016. Kompetanseheving i eigen regi 2017 i barnehagen: Relasjoner med barn.

#### **Todalen og Stangvik oppvekstsenter:**

- Ein lærar ved Todalen skule tek vidareutdanning i Kunst og Handvek
- Ved Stangvik barnehage vil ein fortsette arbeidet med Fleirfagleg blikk

#### **Surnadal ungdomsskule:**

- Halde fram med oppfølginga av kompetansehevingsplanen, med basisfaga som førsteprioritet. To lærarar på vidareutdanning.

#### **Øye skule:**

- 9 lærarar på ulik vidareutdanning og 10 tilsette som i november får ei veke kursa i AART (trening i sosial kompetanse)

#### **Vaksenopplæring og integrering:**

- Delta på kurs og konferansar i regi av Vox og utlendingsstyresmaktene.
- Samarbeide tett med andre kommunar lokalt og på fylkesnivå.



## Personal og økonomi:

### Midtigrenda barnehage:

- Oppretthalde god grunnbemanning og kompetansen vi har i bhg.
- Redusere sjukefråværet
- God budsjettdisiplin

### Øye og Skei barnehage:

- Redusere sjukefråvær.
- Halde budsjettet.

### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Behalde kompetent personale
- Oppretthalde eller auke lærartettleiken

### Mo oppvekstsenter:

- Oppretthalde eit godt kvalitativt tilbod innanfor gitt budjettramme.
- Behalde kompetent personalet.

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Om økonomien gjev rom for det vil vi oppretthalde den bemanningsnormen som kommunen legg opp til i barnehagane
- Å kunne behalde det kompetente personalet som er i skulane samt rekruttere nytt personale i dei faga vi treng

### Øye skule:

- Behalde/rekruttere eit kompetent personale på dei fagfelta vi treng
- Gi eit godt pedagogisk tilbod innafor tildelt økonomisk ramme

### Surnadal ungdomsskule:

- Oppretthalde vaksentettleiken.

### Vaksenopplæring og integrering:

- Legge til rette for at sjukefråværet held seg lågt.
- Halde budsjettet

## Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

### Midtigrenda barnehage:

- Kompetanseheving på relasjonskompetanse inn mot personalgr. og foreldregr.
- Arbeide godt med sjukefråvær: Arbeidsavklaringar/st.str.,muskel-og skjelettplager

### Øye og Skei barnehage:

- Eit sjukefråvær ned på våre eigne måltal i løpet av perioden.
- Få spesialpedagogisk kompetanse inn i personalgruppa eller knytt til gruppa.

### Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter:

- Behalde kompetent personale, lærartethet og det gode samarbeide mellom lærarar og barnehage/skule innanfor gitt budsjett.



### Mo oppvekstsenter:

- Oppretthalde kompetent personalet, fortsette det gode samarbeidet og ivareta god trivsel for tilsette og barn i skole/barnehage.

### Todalen og Stangvik oppvekstsenter:

- Vi vil ha god kvalitet i barnehage og skule. Dette forutsett kompetent og nok personale. For å greie det må vi ha ei stor nok økonomisk ramme.

### Øye skule:

- Arbeide for at den nye barne- og ungdomsskulen blir ein god skule for alle elevar og tilsette
- Oppretthalde og utvikle det gode arbeidet som blir gjort på Øye skule i dag

### Surnadal ungdomsskule:

- Arbeide for at tilhøva for ungdomsskuletrinna blir ivaretakne best mogleg i samband med evt. ny barne- og ungdomsskule på Øye skuleområde.

### Vaksenopplæring og integrering:

- Oppnå målet om at minst 75 % av deltakarane i introduksjonsprogrammet er over i aktive tiltak innan eitt år etter avslutta program.
- Arbeide for at alle som er involvert i arbeidet med flyktninger i kommunen har ei felles forståing for korleis arbeidet skal leggast opp.

### Rådmannen si vurdering

Innanfor oppvekstsektoren er det største utfordringa i komande økonomiplanperiode å planleggje og byggje nytt skulebygg for elevar og tilsette på Øye skule og Surnadal ungdomsskule. I skrivande stund er ein inne i forprosjektsfasen, og arbeider med å finne så gode løysingar som råd både praktisk og økonomisk.

Einingane i oppvekst varslar om tronge rammer, der det er lite rom for nye utfordringar eller endringar. Med ein gong vi får fleire barn i ein barnehage, refusjonskrav frå ein annan kommune eller fleire barn med særskilde behov, har einingane store utfordringar med å halde budsjetta sine. Ein del av einingane er svært sårbar både fagleg og økonomisk. For første gong på mange år, har vi skuleåret 2016/17 hatt store rekrutteringsproblem med å bemannar undervisningsstillingane i skulane våre, og da særleg ved dei minste skulane.

Størstedelen av budsjetta går til løn for tilsette. Kvaliteten på barnehage – og skuletilboda er direkte knytt til talet på tilsette. Dette ligg også inne i statsbudsjettet for 2017, der det er varsle forventa satsinga på dei yngste barna i grunnskulen på 1.- 4. trinn. Noko av denne satsinga kjem som øyremerkte midlar utanom rammeoverføringa, medan ein del er lagt inn med «bruksanvisning».

### Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Øk.plan 2018	Øk.plan 2019	Øk.plan 2020
------	-------------------------	------------------	------------------	-----------------	-----------------	-----------------



		Netto	Netto	Netto	Netto	Netto
Midtigrenda barnehage	6 630	7109	6 516	6 516	6 516	6 516
Øye og Skei barnehage	11 004	11 011	11 003	11 003	11 003	11 003
Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	6 768	6 803	6 811	6 811	6 811	6 811
Mo oppvekstsenter	6 641	6 553	6 574	6 574	6 574	6 574
Todalen og Stangvik oppvekstsenter	15 479	15 106	15 979	15 979	15 979	15 979
Øye skule	28 103	27 552	27 846	27 846	27 846	27 846
Surnadal ungdomsskule	23 271	23 147	23 035	23 035	23 035	23 035
Vaksenopplæring og integrering	10 753	9 428	15 323	15 323	15 323	15 323

## 9 Helse og omsorg

### 9.1 Helse og familie

#### Status og utfordringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel, Omsorgsplanen og Rusmiddelpolitisk handlingsplan gir føringar for eininga sine tiltak. Folkehelse, koordinerte tenester, helsestasjon- og skulehelsetenesta har vore satsingsområder dei siste åra.

E. Kommunehelse - nøkkeltall (K) etter statistikkvariabel, tid og region 2015				
		Landet uten Oslo	1566 Surnadal	Møre og Romsdal
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	4,5	4,2	4,4	4,6
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20	2 139	2 961	2 147	2 197
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger	170	253	127	166
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	1 657	1 535	1 680	1 881
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	10,5	11,4	11,4	11,7



Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,1	8,7	8,4	9,6
Årsverk av helseøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	69	29,6	69,6	81,6
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241	7,4	6,1	6,5	7,7
Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	3,6	1,5	2,8	2,9
Fastlegekonsultasjoner per person i legens praksiskommune	2,66	2,41	2,67	2,82

Surnadal brukar mindre av kommunen sitt netto driftsbudsjett til helsetenester enn resten av landet. Derimot ligg vi langt under landet når det gjeld helseøsterårsverk.

## Utfordringar

- Vi har utfordringar innan helsestasjon og skulehelseteneste når det gjeld oppfølging av barselkvinner og nyfødte etter utskrivning frå sjukehus (utskriving etter 2 døgn).

Det ligg krav om tilsyn innan 48 timer etter heimkomst. Dette klarer vi ikkje å oppfylle, og det vil ha konsekvensar for barna med låg fødselsvekt, med symptomar på gulsort, mødre med ammeproblematikk og andre barselkomplikasjonar.

- Auka vaksinasjonsprogram er utfordrande for helseøsterressursen. Fleire vaksiner, som krev at vaksina blir sett fleire gonger, er lagt inn i vaksinasjonsprogrammet.
- Mange barn og unge slit med psykiske vanskar, og det blir ikkje nok tid til i skulane.
- Reisevaksineringa har auka da fleire av oss reiser til land som krev spesielle vaksiner. Dette krev at helseøstrene må oppdatere seg på nye og ulike vaksiner både før og etter konsultasjonane. Ofte må ein ha fleire vaksiner av same sort.
- Busetting av flyktningar og familiegjenforening fører til auka press på helsestasjonen. Konsultasjon og oppfølging av familiene er tidkrevjande.

## Dette vil vi oppnå i 2017:

- Gjennomføre Ung-data undersøking i grunnskule og vidarefåande skule.
- Vidareføre prosjekt «God oppvekst» saman med PPT og IK Barnevern.
- Rekruttere psykolog, kommuneoverlege og fastlege.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge – tidleg innsats.
- Implementere plan for folkehelsearbeidet.
- Arbeide med å få til eit tilfredsstillande helsestasjonstilbodet til busette innvandrarár og nye som kjem.



- Arbeide aktivt med kvalitetssikring av tenestene våre.

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Ha eit fagleg forsvarleg helsetilbod i samsvar med lover og forskrifter for alle tenesteområda i Helse og familie.
- Vidareføre folkehelsearbeidet.
- Gi eit godt helsestasjonstilbodet til busette innvandrarar og nye som kjem.
- Tverrfagleg arbeid med barn og unge – tidleg innsats.

### Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Helse- og familie	21 388	19 797	21 128	21 128	21 128	21 128

## 9.2 Bu- og aktivitet

### Status og utfordringar

Bu- og aktivitetstenesta har desse tenestene:

- Bårdshaugen fellesbustad med 10 brukarar
- Sommero fellesbustad med 6 brukarar
- Leitet fellesbustad med 8 brukarar
- Nistutrøa med 2 brukarar
- Røssmoen fellesbustad med 2 brukarar ( Røssmovegen 34)
- Ny bustad frå august 2016 ( Røssmovegen 28) med 3 brukarar + avlasting for 3 brukarar.
- Sommerrotunet aktivitetshus ( ny des- 2015) med dagtilbod til 14 faste på dagtid+ 4 psykisk helse. Totalt 30- 40 brukarar med aktivitetar på dag, kveld og helg.

Eininga gir tilbod til menneske med utviklingshemming. For eit par år sidan hadde vi ein pågang om tilbod til nye brukargrupper innan rus, psykisk helse og andre personar som har behov for bistand/ miljøarbeid for å greie daglelivets gjeremål. Pågangen har ikkje vore like stor i 2016, men behova kan fort endre seg.

Mange av måla og satsingsområda ein hadde i økonomiplan for 2012- 2015 er nådd.



- Våren 2014 sto ny bustad klar for 2 brukarar på Røssmovegen 34. Med ny og meir tilpassa bustad har ein og klart å gå ned med bemanning til den eine brukaren, som utgjer 2,96 i årsverk.
- Sommerrotunet aktivitetshus, sto ferdig i slutten av november 2015. Dette har vore eit kjempeløft for heile eininga og for brukarar frå både frå Rindal og Halsa. Tilbodet inneheld tilbod til psykisk utviklingshemma både på dag, kveld og helg. Sanseavdelinga blir og brukt av andre brukarar både i og utanfor kommunen. Aktivitetshuset er stort sett positivt både til brukarar og personale. Noko overraskande fekk Bu- og aktivitetstenesta og ansvar for avd. for psykisk helse, utan personalressursar. På tross av at vi ikkje har personalressursar til desse brukarane på aktivitetshuset, har vi klart å omdisponere ei 20% stilling, slik at vi har tilbod ein dag pr. veke til i dag 3 brukarar med psykiske utfordringar.
- I august 2016 vart det flytta inn i den nye bustaden på Røssmovegen 28. Dette er ein bustad til 3 brukarar, der 2 av dei har venta i fleire år på bustad. Det er og eiga leilegheit med avlastingstilbod til 3 brukarar.
- Sjølv om vi pr. i dag har 3 søkjrarar på bustad, kan vi no seie at eininga har ein god dekningsgrad når det gjeld bustad til gruppa psykisk utviklingshemma. Utfordringa i dag, er tilpassa bustadar til brukarar med psykiske utfordringar. I Bustadsosial handlingsplan for 2011- 2015 var eit av tiltaka at det skulle byggast bufellesskap/omsorgsbustadar som bueiningar med fellesareal for vanskelegstilte innanfor psykisk helse. Det blir no arbeidd med ein ny plan for psykisk helse.
- Pr. i dag står ei leilegheit ubrukt pga. manglande personalressursar.
- Eit av måla har og vore å sikre utdanna og tilstrekkeleg med helsepersonell gjennom utdanning og rekrutteringstiltak. Dette har vore eit satsingsområde saman med fylkeskommunen. I vår var det ferdig eit kull med vernepleiarar frå desentralisert 3 årig utdanning. Bu- og aktivitetstenesta har fått tilsett fleire av desse både frå desentralisert utdanning og etter ordinær 3 årig utdanningsløp. I haust starta fleire, spesielt menn frå kommunen, både på desentralisert og 3 årig vernepleiarutdanning.
- Som eit ledd i kompetanseheving har ein og starta eit eige fagfora for dei med 3 –årig helse- og sosialfagleg utdanning . Dette håper vi skal vere med å gje eit løft for kvaliteten på tenestene i heile eininga.
- Vi har no fleire som har tatt helsefagarbeidarutdanning eller som er i gang med utdanninga. Dette er eit resultat etter større krav til kvalifisert helsepersonell for å få fast tilsetting.
- Tre av personale har og tatt vidareutdanning i aldring – og helse. Vi har personale som held på med vidareutdanning innan psykisk helse, ein tek vidareutdanning i miljøarbeid og tverrprofesjonelt samarbeid og ein tek vidareutdanning i medikament handtering.
- Det blir arbeidd med verdidokument for eininga, som skal vere ferdig i overgangen 2016/2017.
- Vi har i haust utprøving over 12 veker med langturnus på helg i ein av bustadane. Dette skal evaluerast i slutten av november.



- Det er starta ei arbeidsgruppe i pleie- og omsorgstenesta på tvers, for å utvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeid på og korleis vi nyttar kompetansen i nattetenestene. Målet er å sjå om implementering av teknologiske hjelphemiddel kan vere aktuelt. Gevinsten kan vere betre ressursbruk.

	Surnadal 2015	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr. 11	Landet u/Oslo
Andel beboere i bustad m/heldøgns bemanning	67,4	59,6	49,8	52,0	50,3
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov	30,2	30,1	26,7	25,4	24,4
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr. uke praktisk bistand	17,1	18,6	10,5	9,4	9,0
Andel aleneboende mottakere utenfor inst. Med både hjemmetj. og støttetjeneste	39,9	45,3	42,8	36,5	37,8

Vi ser at i Surnadal kommune har vi ein betre bustaddekking i forhold samanlikna med andre kommunar. Ein ser og at ein liten auke i forhold til andel brukarar m/ heildøgns bemanning og frå 2014 til 2015, som skuldast ein ny bustad for 2 brukarar og at det av same grunn har gått ned med andel åleinebebruarar utanfor institusjon. Vi ligg og litt høgare når det gjeld andel av alle brukarar som har praktisk bistand, i forhold til andre kommunar. Surnadal kommune har fleire brukarar med 2:1 bemanning og 1:1 bemanning, med omfattande bistandsbehov.

### Utfordringar:

- Vi manglar framleis personalressurs ved avd. psykisk helse på aktivitetshuset. Pr i dag har vi omdisponert 20% stilling, der det blir gitt tilbod til 3 brukarar ein dag pr. veke. Med meir personalressursar kunne det vore tilbod til fleire brukarar med psykiske utfordringar.
- Utfordring i samband med mangel på fellesareal i bustad. Dette er personalkrevjande og utløyer ofte 1:1 bemanning. Gevinst med fellesareal vil kunne spare ca. 1 årsverk.
- Det er og mangel på grovverkstad/garasje på Sommerrotunet aktivitetshus. Dette gjeld grovverkstad for brukarar, oppbevaring av utstyr, som grasklippar osv. + garasje for bussen.
- Sjukefråværet har det første halve året ligge alt for høgt, med 10,15%. Fleire har vore ute i langtidssjukefråvær med omfattande behandlingsforløp. Korttidsfråværet er likevel for høgt.



- Statsbudsjettet for 2017 indikerer at det blir mindre inntekt for ressurskrevjande brukarar. Innslagspunktet blir auka og fråtrekk for rammetilskotets del for kriteriet psykisk utviklingshemma over 16 år blir auka.


### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Få ferdig verdidokument, med mål, visjonar og verdiar.
- Arbeide med arbeidsmiljøtiltak, som kan gje trivsel og mindre sjukefråvær.
- Kompetanseutvikling, med div tiltak som vidareutdanning, fagfora, internundervisning
- Utprøving av alternativ turnus, med langturnus på helg og ein utprøving både kvardag og helg, med mål om fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidstillingar.
- Arbeide vidare med å utvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nyte kompetansen i nattenestene på tvers av einingane i helse- og omsorg.
- Utbygging av fellesareal ved ein av bustadane, der gevinsten vil vere innsparing med ca 1 årsverk.( Investeringsbudsjett).
- Det blir arbeid med å redusere drifta med fleire årsverk.

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Ombygging av bustad, slik at ein får fellesareal, for betre ressursutnytting og kvalitet for brukargruppa
- Kompetanse og kvalitetsutvikling
- Arbeide med å få ned sjukefråværet
- Vidareutvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nyte kompetansen i nattenestene på tvers av einingane i helse- og omsorg. Gjennom implementering av teknologiske hjelpemiddel ønskjer ein å oppnå: kvalitetsutvikling, betre oppgåve-/rollefordeling, aktiv brukarmedverknad og betre ressursbruk.
- Arbeide vidare med å utvikle løysingar som kan gje varige endringar i måten å samarbeide på og nyte kompetansen i nattenestene på tvers av einingane i helse- og omsorg. Gjennom implementering av teknologiske hjelpemiddel ønskjer ein å oppnå: kvalitetsutvikling, betre oppgåve-/rollefordeling, aktiv brukarmedverknad og betre ressursbruk.
- Fleire heiltidstilsette og mindre bruk av deltidstidsstillingar, gjennom meir bruk av langturnus. Gevinst vil og kunne vere færre årsverk.
- Arbeidsmiljø
- Bygging av grovverkstad/ garasje på Sommerrotunet aktivitetshus, med tilbod til fleire brukarar. Investeringsbudsjett.

### Økonomiske rammer



Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Bu- og aktivitet	45 267	39 202	40 234	40 234	40 234	40 234

## 9.3 Sjukeheimen

### Status

Tenester i eininga Surnadal sjukeheim, omfattar heildøgns omsorg og pleie. I tilknyting til opphaldet skal det være organisert legeteneste, fysioterapiteneste og sjukepleiarteneste i samarbeid med andre deler av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Tenesta er heimla etter Lov om helse- og omsorgstenester mm.

- Langtidsavdeling 1 -16 langtidsplassar
- Langtidsavdeling 2- 16 langtidsplassar
- Kåret, avdeling for demente – 16 plassar. Ved behov for forsterka skjerming må pasienttalet reduserast til 15 plassar
- Bu- og ( BOA) – 12 langtidsplassar, 5 korttidsplassar og 1 avlastingsplass
- OBS-post ( BOA) – 2 rom med plass til 4 pasientar, 1 plass for palliativ behandling
- Storkjøkken som produserer mat for sjukeheimen, omsorgsbustadane, heimebuande ( matombringning), skular og barnehagar i tillegg til drift av 3 kantinar
- Vaskeri

### Kostratal

	Surnadal 2014	Surnadal 2015	Kostragr 11 2015	Fylket 2015	Landet 2015
Plassar i institusjon i % av mottakarar av PO-tenester	29,2	26,1	15,9	18,2	17,4
Andel innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon	19,1	17,7	12,9	13,9	13,2
Andel plassar avsett til tidsbegrensa opphold	18,5	9	17,9	15,5	19,1
Andel bebuarar i institusjon av tal på plassar (belegg)	89	92,7	96,4	99,4	97,5
Andel plassar i skjerma eining for personar med demens	17,4	16,9	29,4	20,1	26,3
Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim	0,3	0,3	0,44	0,46	0,54
Korrigerte brutto driftsutgifter institusjon pr. kommunal plass	924 816	938 198	1 020 648	978 659	1 035 689



Mykje av diskusjonane kring eldreomsorga har vore knytt til sjukeheimsdekning og mangel på sjukeheimspllassar. Samtidig har det blitt meir merksemad om begrepet « heildøgns pleie- og omsorg» kor det ikkje er buforma som er i fokus, men tilstrekkeleg og trygge tenester. Nyare forsking fortel at eit hensiktsmessig og fagleg tilfredstillande kommunalt pleie- og omsorgstilbod ikkje nødvendigvis krev at kommunen kan stille sjukeheimspllass til ein stor del av eldrebefolkinga. Det viktige, og det tenestene bør målast på, er om det til ein kvar tid er tilgjengeleg eit tenestetilbod når eit behov melder seg. ( Omsorgsplan 2011-2015 Surnadal kommune, s 29)

Bygningsmassen ved sjukeheimen treng meir oppussing, og det er behov for skifte av ein del inventar og utstyr. Det er behov for å pusse opp begge avdelingskjøkkena ved langtidsavdelingane. Mange pasientrom er pussa opp, men det er nødvendig å renovere alle bada på pasientromma på Boa.

Ved sjukeheimen er det pr. i dag 88,93 årsverk. Dei siste åra har vi hatt god tilgang på kvalifiserte søkerar til helsefagarbeider-stillingar. Dette gjeld dessverre ikkje sjukepleiarstillingane der det framleis er vanskeleg å få nok kvalifiserte søkerar.

## Utfordringar

- Ikkje tilstrekkeleg leiaressursar til at det er ein leiar ved kvar avdeling.
- Høgt sjukefråvær
- Lite bruk av velferdsteknologi. Høge kostnadar ved investering i trådlauast nettverk grunna bygningsmessige forhold
- Oppretthalde utskiftingsfrekvens på 4-6 pc`ar pr. år
- Oppretthalde utskiftingsfrekvens opp mot 4 pasientsenger pr. år
- Behov for oppussing av alle pasientbada på Boa
- Behov for oppussing av begge postkjøkkena på langtidsavdelingane
- Behov for utbetring av vannlekkasje fleire stadar
- Innkjøp av utstyr til sikker forflytningsteknikk, personløftar og ståheis
- Vedlikehald av uteareal

Vi arbeider med å finne gode måleparameter for å måle resultata med ny organisering, fast vikar i auka bemanningsplan. Parametrar bør seie noko om både tilsette- og brukarane sin tilfredsheit og korleis ordninga verkar inn på vikarkostnadane.

Det er eit kontinuerleg arbeid som blir gjort med fagutvikling av personalet og utvikling av tenestene våre. For å halde oversikt over ønska utviklingsveg og utviklingsbehov nyttar vi ein kompetansesirkel tilpassa våre behov og drifta ved sjukeheimen. Fokusområde for neste halvår er vedteke og presentert for tilsette på personalmøte. Vi vil gjerne oppnå ei enda sterkare medverking frå tilsette og satsar vidare på nærvær til arbeidsplassen og aktiv deltaking og medverknad.

- Færre tilsette pr. leiar



- Redusere sjukefråværet til under 8%
- Meir medverknad i mulighetene for tilrettelegging
- Tettare samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta i arbeidsmiljøarbeidet
- Redusere vikarutgiftene med to årsverk
- Fortsette arbeidet med at alle pasientane som ynskjer det, får ein aktivitetsven
- Fortsette arbeidet med fagutvikling med fokus i kompetancesirkelen

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Samarbeide med heimetenesta om ein heilhetleg demensomsorg og utbetre tilbodet for dei som treng forsterka skjerming
- Samarbeide med heimetenesta for å oppnå eit tilstrekkeleg godt tilbod innan helse- og omsorg for dei av innbyggjarane som har behov for våre tenester
  - Samarbeide med tillitsvalde, vernetenesta og dei øvrige tilsette ved sjukeheimen for å fremme verdigrunnlaget vi i fellesskap har utarbeidd:
  - Sjå kvart enkelt menneske og dei ressursane den enkelte har
  - Respekt for pasienten
  - Bidra til støttande arbeidsmiljø
  - Lojalitet for felles mål og tiltak
  - Vere utviklingsorientert

### Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Sjukeheimen	54 626	51 491	50 597	50 597	50 597	50 597

## 9.4 Heimetenesta og rehabilitering

### Status og utfordringar

Internasjonale og nasjonale trendar går mot at stadig meir helsetenester skal utførast i pasienten sin heim, eller nærmest mogleg heimen. Det er også eit overordna nasjonalt helsemål at folk skal få bu heime så lenge dei ønskjer det, trass sviktande helse. I dette biletet har rehabilitering vorte eit sentralt fagområde, og omgrep som heimerehabilitering og kvardagsrehabilitering beskriv dei nye trendane. Det er heimetenestene som skal tilby både spesialisert rehabilitering i heimen og hjelpe til kvardagsmeistring. I Surnadal kommune har heimetenestene vore langt framme i dette arbeidet gjennom metoden HPH (Helhetlig Pasientforløp i Hjemmet), der vi arbeider med pasienten sin eigenmeistring. Spesialisert rehabilitering har vore knytt til institusjonsopphald ved rehabiliteringsavdelinga.



Heimeteneste og rehabilitering vart ei ny eining frå 1. juli 2015. Dette gir moglegheiter til ein fleksibel bruk av kompetanse og eit styrka fagmiljø i eininga. Utfordringane ligg i at rehabiliteringsavdelinga er institusjonsbasert mens resten av eininga er heimebasert. I tillegg er avdelingane fysisk avskore frå kvarande med små mulegheiter for felles møteplassar. Dette krev fornying og utvikling av arbeidsmetodar i begge leiarar.

Vi ønskjer å etablere ein kultur som er kjenneteikna av kunnskap, læring og samhandling. Vi har trua på at kunnskap skal delast for å oppnå læring og utvikling. Difor legg vi til rette for samhandling mellom dei ulike fagområda for å styrke kvarandre. Dei seinare åra har vi bygd opp kompetanse på demens, kreft, diabetes, geriatri, kvardagsrehabilitering, psykisk helse og legemiddelhandtering. Vi har dyktige og engasjerte leiarar som ved bruk av eit pasientforløp i stadig utvikling, greier å sy saman rett kompetanse, på rett stad til rett tid for brukaren og pasienten.

Hausten 2016 vart organiseringa av tenestetilbodet i Surnadal kommune lagt fram for politisk behandling, der valet sto mellom å satse på meir institusjonsbasert rehabilitering, eller å avvikle rehabilitering som eit døgntilbod. Utfordringane i 2017 blir da anten å finne nok ressursar til ei auka satsing på institusjonsplassar, eller å lykkast med rehabilitering i heimetenesta for så å redusere behovet for institusjonsplassar.

### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Etablere ein felles kultur i eininga, med framtidssretta og gode tenester der rett kompetanse blir nytta på rett stad i pasientforløpet
- Kvardagsrehabilitering skal vere eit satsingsområde og innførast som eit fast tilbod
- Analoge tryggleiksalarmar skal bytast til digitale tryggleikspakker.
- Vi vil betre pasientforløpet kring alvorleg sjuke og døande gjennom prosjektet «Samhandling på siste vakt»
- Synleggjere for innbyggjarane at vi har tilsett kreftsjukepleiar som er kreftkoordinator for alle innbyggjarar, sjølv om dei ikkje mottek andre tenester frå kommunen.
- Å få demenskoordinator tidlegare inn i pasientforløpet. Helst ved diagnosefastsetting.
- Avklaring av roller og ansvar når det gjeld tilbodet innanfor psykisk helse
- Auka brukarmedverknad som følgje av deltaking i «SUSTAIN-prosjektet»

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Førebyggjande heimebesøk skal vere etablert som eit fast tilbod
- Tilby oppfølging av pasientar med diabetes i samarbeid med Surnadal legesenter
- Tilby blodoverføring i samarbeid med Surnadal legesenter
- Digitale tilsyn skal vere eit fast tilbod som ein del av ny tryggheitsteknologi.



## Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Heimeteneste og rehabilitering	30 631	32 732	32 549	32 549	32 549	32 549

## 9.5 IK Barnevern


### Status og utfordringar

Surnadal er vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta i Halsa, Rindal og Surnadal. Totalt omfattar tenesta 10,6 årsverk fordelt på einingsleiar, 0,7 sekretær, 1,5 heimekonsulentar og 7,4 fagstillingar.

Hovudoppgåva til eininga er å sikra at barn og unge som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernstenesta skal på same måte som andre kommunale tenester bidra til at barn og unge får trygge oppvekstsvilkår.

Eininga har det siste året hatt høgt sykefråvær, noko som har ført til stor belasting for dei som har vore på arbeid. Ei ny fagstilling er på plass, og i tillegg til stor nedgang i sykefråværet den siste tida gjer at situasjonen no ser lysare ut.

### Diagram: Surnadal:






Diagrammet gjeld Surnadal kommune og er for perioden 2012 - 2016 .

Diagrammet viser utviklinga i meldingar som er motteke, kor mange barn som er under omsorg, og kor mange som er i hjelpetiltak. Merk at talet for meldingar i 2016 er i frå rapportering 30.06 16 og gjeld berre for første halvår.

Diagrammet viser at mengda meldingar går litt opp og ned, medan det er ein tydeleg trend at det er ein auke av barn i hjelpetiltak. Vi ser òg at det er ein svak nedgang kvart år når det gjeld barn under omsorg.

#### Diagram IK barnevern totalt:



Diagrammet gjeld for alle kommunar i IK barnevern og er for perioden 2012 - 2016 .

Her ser vi den same trenden som for Surnadal kommune.

#### Utfordringar

- Som vi ser av diagrammet er det eit gradvis aukande behov for hjelpetiltak.



- Behov for fleire tilgjengelege tiltak for barn med ulike behov.
- Truleg vil det òg vera eit behov for fleire heimekonsulentar, dette i samanheng med aukande behov for hjelpetiltak
- Budsjett for etablering av nye tiltak
- Stor auke i bruk av ressursar i samband med flyktningar
- Auke i bruk av ressursar i samband med asylmottak.
- Behov for å styrke det førebyggjande arbeidet retta mot utsette barn, ungdom og familiene deira, slik at ein kan kome tidleg inn med gode tiltak og unngå problemutvikling.
- Bufetat reduserer og legg ned tiltak, og kommunane får fleire oppgåver og større utgifter.

#### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Fortsatt styrke tidleg innsats, og redusere plasseringar utanfor heimen.
- Kartlegge behovet for etableringer av nye tiltak.
- Styrke det tverrfaglege samarbeidet i alle tre kommunar.
- Informere andre einingar om barnevernet sitt arbeid.
- Rekruttere fosterheim/beredskapsheim.
- Halde sykefråværet på eit lågare nivå.

#### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Sjå gevinsten av tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og informasjonsarbeidet.
- Evaluere vaktordninga med Trondheim kommune.
- Auka effektivitet i form av fleire digitale løysingar i fagsystemet, blant anna med arkiv og brev.

#### Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
IK Barnevern	8 963	9 381	9 161	9 161	9 161	9 161

#### Rådmannen sin kommentar

Drifta ved Stangvik aldersheim vart avvikla 1. mars i år, og pasientane flytta til Surnadal sjukeheim.

Det er stramme budsjett innafor alle einingane. Vi er i nokre områder på grensa av ikkje å oppfylle lovpålagte krav.



Velferdsteknologi vil bli viktig i åra framover, og nye tryggheitsalarmer vil opne for fleire mulegheiter. I samband med dette blir det viktig å samarbeide på tvers av einingane for å få på plass den nye løysinga. Det opnar seg også nye mulegheiter for å knytte til ulike hjelpemiddel til den digitale løysinga. Det kan vere brannalarm, elektronisk dørlås, komfyrvakt, døralarm, GPS, epilepsialarm, osb.

Det er no gjort vedtak om å omdisponere innafor heimetenestene ved å legge ned døgnplassane på rehabiliteringa og opprette fleire dagplassar og drive meir aktiv rehabilitering i heimen. Skal vi oppnå eit godt tilbod for våre innbyggjarar er det viktig med eit tett samarbeid mellom sjukeheimen og heimetenestene og andre tenesteytarar i kommunen som er ute i heimane. Det vil vere viktig å vere tidleg ute for å avklare behova for tenester og kva som skal til for at desse tenestene kan utførast i heimane.

Det er behov for å pusse opp begge avdelingskjøkkena ved langtidsavdelingane. Dette er no lagt inn i investeringsbudsjettet.

Bu- og aktivitetstenesta har vore noko underbudsjettert, og dette er det teke omsyn til i budsjettet for 2017. Eininga vil likevel måtte sette inn tiltak for å redusere kostnadene også i komande budsjettår.

## 10 Teknisk

### 10.1 Kommunalteknikk

#### Status:

- Prisauke på innleigde maskiner vs. auke i budsjettramma. Kommunalteknikk har kome svært dårlig ut økonomisk i ei årrekke ved tildeling/vedtak av budsjetterammer.
- Auke maskinleige 2010 – 2016: 25 – 35 %
- Stadig fleire km vei å vedlikehalde utan at det har resultert i auka budsjettramme; fleire bustadfelt, g/s-vegar og fortau.
- Ekstra utgifter utan auke i budsjettet:
  - ✓ Ekstrakostnader til drift av naudnettet : kr. 275.000 pr. år
  - ✓ Tilskot Normøre Bilberging (5 år) : kr. 20.000 pr. år
  - ✓ Tilskot Røde Kors : kr. 40.000 pr. år
- Budsjettramma til communalteknikk vart redusert med kr. 500.000 f.o.m. 2015.
- Manglande sommarvedlikehald på dei kommunale vegane p.g.a. budsjett-situasjonen. Pr. i dag manglar vi om lag kr. 2,5 mill. for å kunne leve tilfredsstillande vedlikehald
- Tilsett ny driftsleiari vatn og avløp.
- Dei fleste investeringsprosjekta i inneverande år er enten ferdig eller starta opp.



## Utfordringar

- Drifte vegnettet med dagens bevilling/budsjettramme.
- Kapasitet på planlegging.
- Rehabilitering og fornying av behandlingsanlegg vassverk.
- Opplæring av deltidsmannskap i brannvesenet.

## Nokre utvalte tal frå KOSTRA

	Surnadal 2015	Surnadal 2014	Møre og Romsdal	Gr 11	Landet u/Oslo
Del av befolkninga som er tilknytt kommunalt vatn (%)	75,7	74,6	-	-	-
Driftsutgifter vatn pr. tilknytt innbyggjar	1 438	1 451	1 099	-	987
Andel innbyggjarar tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat e-colie	100,0	100,0	99,8	-	99,5
Årsgebyr for vannforsyning (rapporteringsår + 1)	3 540	3 439	3 344	2 982	3 381
Driftsutgifter kloakk pr. tilknytt innbyggjar	1 188	1 144	1 018	-	1 190
Årsgebyr for avløpstestenesten (rapporteringsår + 1 )	3 292	3 292	3 117	3 574	3 784
Årsgebyr for septikk tömming (rapporteringsår +1))	1 200	1 200	1 114	1 311	1 451
Årsgebyr for avfallstenesten (rapporteringsår + 1)	2 650	2 650	2 732	2 616	2 616
Brutto driftsutgift i kr. pr. km kommunal veg, ekskl. avskrivninger	64 957	63 118	69 059	76 589	96 393
Andel kommunale veier og gater utan fast dekke (%)	40,4	39,8	25,5	43,4	31,3
Netto driftsutgifter (brann- og ulykkesvern) pr. innbygger	614	594	842	788	707
Årsgebyr for feiing og tilsyn (rapporteringsår + 1)	633	613	415	412	432

## Dette vil vi oppnå i 2017:

- Utbygging av nytt bustad/hytte -felt på Nordvik , kor kommunen er delaktig.
- Ny vassforsyning til Øvre Sæter frå grunnvassbrønn ved Mo skule.
- Avklare ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik samt bygge høgdebasseng i Stangvik.
- Forsterke og legge fastdekke på om lag 5 km kommunal veg.

## Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Ferdigstille utbygging av ny vassforsyning til Kvanne og Stangvik.
- Fortsette utskifting av asbest-semententrør.
- Gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt innafor ansvarsområda 420 og 430.



## Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Kommunalteknikk	14 293	13 538	9 439	9 439	9 439	9 49
VARF	- 3 156	- 2 496	- 2 471	- 2 471	- 2 471	- 2 471

## 10.2 Areal og naturforvaltning

### Status og utfordringar

Eininga Areal- og naturforvaltning leverer tenester i form av saksbehandling etter ei rekke sektorlover. Eininga arbeider i stor grad med lovpålagte forvaltningsoppgåver. Eininga gir i tillegg rådgivning i til dømes utbyggingssaker eller til landbruksnæringa. Eininga har høg kompetanse, ansvar for mange ulike fagfelt fordelt på få ansatte. Dette gjer at det er sårbart med tanke på å behalde den høge kompetansen i eininga.

#### Dette vil vi oppnå i 2017:

- Vidare deltaking i LENSA-prosjektet (2017 og 2018) for auka aktivitet i skogbruket.
- Gjennomføring av forhåndskonferansar i alle utbyggingssaker
- Gjennomføre byggesakstilsyn
- Ansette konsulent landbruk
- Gjennomføre nykartlegging av frå Skei og austover i tråd med geodataplan for Møre og Romsdal
- Starte arbeidet med kommunal geodataplan
- Utarbeide forvatningsplan for gås
- Vedta reguleringsplan for Skei
- Vedta kommuneplana sin arealdel
- Sette i gang reguleringsplan for Øyagardslia / Høgberget boligfelt
- Vedta reguleringsplan for Høgmoen bustadfelt
- Rullere klima- og energiplana
- Rullere trafikksikringsplana
- Følge opp skisseprosjektet for Svartvatnet friområde med detaljplaner og opparbeiding
- Betre markedsføring av ledige boligtomter

#### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Levere tenester med rett kvalitet
- Bidra til å vidareutvikle dagens faglege nettverk med omkringliggende kommunar
- Følge opp igangsatte prosjekt som til dømes Svartvatnet friområde



## Økonomiske rammer

	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Areal- og naturforvaltning	6 545	6 302	6 070	6 070	6 070	6 070
<i>Nykartlegging FKB</i>			70	70	70	
<i>Deltaking LENSA</i>			43	43		

## 10.3 Eigedom

### Status og utfordringar

Det daglege arbeidet går bra, og vi prøver å innretta drifta i forhold til dei midlane vi har. Vi ser at vi har hatt særskilt god nytte av at vi styrka bemanninga på vedlikehald, det gjer at vi får teke unna mindre vedlikehaldsoppgåver med små midlar, og at vi også har fått utført ein del mindre investeringsoppgåver. Elles ser vi fram til å få tilsett ein bustadkoordinator som vil vere til stor hjelp, spesielt med bosettinga av flyktningar, noko som til tider tek mykje ressursar.

Av investeringar i 2016 er 4- mannsbolig ved Sommerro ferdigstilt, og lager ved Øye stadion (egen-regi) blir ferdigstilt i år. Ein del andre investeringar må skyvast til 2017.

ENØK-investeringa er i gang, men her er entreprenøren forsinka så det vert ikkje ferdigstilt før 2017.

Nokre faktatal om Eigedom:

- Ca. 50 000 m<sup>2</sup> golvareal
- 39 stk utleigeboligar
- 58 stk omsorg/pensjonærboligar
- 21 stk flyktningebustader
- Drift av symjehall og idrettshall
- 39 tilsette, fordelt på 33,48 årsverk

### Utfordringar

- Vedlikehald kommunale bygg
- Boligar til flyktningar

### Dette vil vi oppnå i 2017:



- Skolering av reinhaldarar for å imøtekoma krav til smittevern
- Få gjennomført energisparekontrakta, og med det få spare energi samt at driftspersonellet vert skolerte til betre styring av tekniske anlegg
- Fokus på å redusera sjukefråværet

### Dette vil vi oppnå i 2018-2020:

- Få på plass elektronisk FDV-system/vedlikehaldsplan som ivaretak lovpålagt dokumentering
- Meire målretta styring for betre å nytte ressursane

## Økonomiske rammer

Eks.	Rekneskap 2015-netto	Budsjett 2016 Netto	Budsjett 2017 Netto	Øk.plan 2018 Netto	Øk.plan 2019 Netto	Øk.plan 2020 Netto
Eigedom	31 463	29 321	18 176	18 176	18 176	18 176

### Rådmannen si vurdering

Det er vegvedlikehaldet som er den største utfordringa innafor kommunalteknikk. Vi fekk i år ein normal vinter, og det førte til at vedlikehaldsbusjettet var oppbruka når våren kom.

Sommaren 2016 har det derfor vore minimalt med vegvedlikehald. Ved at det er lagt inn 5 millionar kroner på vedlikehaldsbudsjettet for 2017 vil ein kunne ta inn noko på det store etterslepet som er på dei kommunale vegane.

På vassforsyningssida vil i 2017 vurdere kva som skal vere framtidig vasskjelde for Kvanne og Stangvik. Vi har no gått bort frå at det er ei utbygging frå Fauskåvatnet som er løysinga. Elles er utskifting av asbestsementrør på leidningsnettet ei prioritert oppgåve.

Arbeidet med arealplanen vil bli ferdigstilt i 2017. Dette har vore ein arbeidskravande prosess. Det vil vere viktig at vi neste år kjem i gang med reguleringsplanen for sentrum. Trafikksikringsplanen er ein annan plan som må slutførast i 2017.

Det store arbeidet med EPC-kontraktar innafor eigedomsavdelinga har halde fram i 2016 og vil bli ført vidare i 2017. Dette arbeidet vil føre til reduksjonar i energiforbruket.

Ved at det no blir tilsett ein eigen boligforvaltar i 50% stilling vil vi få ein ekstra ressurs til å følgje opp boligarbeidet i kommunen. Boligpolitisk plan vil og vere eit nyttig hjelpemiddel i dette arbeidet. Dette vil også vere viktig med omsyn til busettingsarbeidet rette mot flyktingar, som har vore arbeidskravande for eigedomsavdelinga.

Elles er behovet for vedlikehald av den kommunale bygningsmassen mykje større enn det budsjettettra gira rom for. Her har det bygd seg opp eit etterslep som ein skulle ha teke tak i.



## 11 Investeringsar og prioriteringar

	2017	2018	2019	2020
IKT - Orkidé	372 000	443 000	324 000	166 000
IKT-UTVIDA TRÅDLAUST NETT	300 000	-	-	-
IKT LØP SURNADAL	200 000	-	-	-
IKT - FELLES GERICA	100 000	-	-	-
IKT- LOKALT DIGITALISERINGSPROSJEKT	500 000	-	-	-
<b>Sum ansvar: 100 RÅDMANN</b>	<b>1 472 000</b>	<b>443 000</b>	<b>324 000</b>	<b>166 000</b>
130 KULTUR				
BILLETTAUTOMAT KULTURHUSET	100 000	-	-	-
<b>Sum ansvar: 130 KULTUR</b>	<b>100 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
350 HEIMETENESTE OG REHABILITERING				
BILKJØP	500 000	250 000	250 000	-
DIGITALE TRYGGHETSALARMER	800 000	-	-	-
<b>Sum ansvar: 350 HEIMETENESTE OG REHABILITERING</b>	<b>1 300 000</b>	<b>250 000</b>	<b>250 000</b>	<b>-</b>
420 KOMMUNALTEKNIKK				
BYGGEFELT- PLANLEGGING, GRUNNERVERV M.M.	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
UTEOMRÅDE/ PARKERING STANGVIK OS	1 300 000	-	-	-
VEG/ PARKERINGSPLASS VED ØYE BARNEHAGE	400 000	-	-	-
OPPRUSTING KOMMUNALE VEGAR	6 800 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
ØYGARDSLIA BYGGEFELT	600 000	-	-	-
SVARTVATNET FRIOMRÅDE GANGVEG	1 900 000	1 900 000	-	-
SVARTVATNET FRIOMRÅDE/ AMFI PARKOMRÅDE	1 500 000	2 000 000	1 000 000	-
KRÅKHAUGEN BYGGEFELT	-	1 500 000	-	-
SKILTING - VEGADRESSERING	500 000	-	-	-
RØTET INDUSTRITOMTER	500 000	-	-	-



NYSTUBAKKAN II	-	-	700 000	-
GATELYS LED	150 000	150 000	150 000	150 000
<b>Sum ansvar: 420</b>				
<b>KOMMUNALTEKNIKK</b>	<b>17 150 000</b>	<b>10 550 000</b>	<b>6 850 000</b>	<b>5 150 000</b>
430 KOMMUNALTEKNIKK - VAR				
BILKJØP	250 000	400 000	-	-
ØYGARDSLIA BYGGEFELT	-	-	3 000 000	3 000 000
FAUSKÅA VASSVERK	700 000	500 000	600 000	600 000
SÆTERBØ VASSVERK	350 000	-	-	-
MO SKULE - VASSVERK	200 000	-	-	-
ØVRE SÆTER VASSVERK	400 000	-	-	-
KVANNE OG STANGVIK VASSVERK	3 500 000	10 000 000	15 000 000	5 000 000
DRIFTSOVERVAKING - KLOAKK	400 000	-	-	-
VA-KARTVERK -AVLØP	-	250 000	-	-
PUMPESTASJONAR AVLØPSNETT	250 000	250 000	250 000	250 000
<b>Sum ansvar: 430</b>				
<b>KOMMUNALTEKNIKK - VAR</b>	<b>6 050 000</b>	<b>11 400 000</b>	<b>18 850 000</b>	<b>8 850 000</b>
440 AREAL OG NATURFORVALTNING				
DIGITALE KART- GEODATA	185 000	185 000	185 000	-
<b>Sum ansvar: 440 AREAL OG NATURFORVALTNING</b>	<b>185 000</b>	<b>185 000</b>	<b>185 000</b>	<b>-</b>
460 EIGEDOM				
BILKJØP	600 000	150 000	-	-
KOMMUNEHUSET - SOKKEL	400 000	-	-	-
ENØK - ENERGISPAREKONTRAKT	3 500 000	-	-	-
KLEIVA - NYTT GOLV OG UTESCENE	100 000	-	-	-
KULTURHUSET - INNKJØP AV NYE MØBLAR	300 000	-	-	-
PUBLIKUMSTOALETT KOMMUNEHUSET	200 000	-	-	-
NYE ØYE SKULE - FORPROSJEKT	1 500 000	40 000 000	60 000 000	50 000 000
HELSEHUS	200 000	-	10 000 000	20 000 000
FELLESAREAL NISTUTRØA	750 000	-	-	-



FELLESAREAL SOMMERRO					
FELLESBUSTAD	750 000	-	-	-	-
GARASJE DAGSENTER	800 000	-	-	-	-
STANGVIK OMSORGSBUSTADER	500 000	23 000 000	-	-	-
POSTKJØKKEN SJUKEHEIMEN	400 000	-	-	-	-
4-MANNSBUSTAD PSYKISK HELSE	3 250 000	3 250 000	-	-	-
VENTILASJONSANLEGG					
KOMMUNEHUS - UTSKIFTING	1 000 000	-	-	-	-
PARKTRAKTOR	200 000	-	-	-	-
<b>Sum ansvar: 460 EIGEDOM</b>	<b>14 450 000</b>	<b>66 400 000</b>	<b>70 000 000</b>	<b>70 000 000</b>	
<b>TOTALT</b>	<b>40 707 000</b>	<b>89 228 000</b>	<b>96 459 000</b>	<b>84 166 000</b>	